



AGDER
fylkeskommune

Emma Norbakk

Hauglandsmoen næringsområde – 22/12593

Gnr. 36/Bnr. 2, 8, 11, 15 – Åmli Kommune

Rapport ved Emma Norbakk 2022



Kommune:	Åmli	Gardsnamn:	Hauglandsmoen	Gnr/Bnr:	36/2, 36/8, 36/11, 36/15	
Namn på sak:	Områdereguleringsplan – Næringsområde Hauglandsmoen – Åmli kommune					
Saksnummer:	22/12593					
Type sak:	Reguleringsplan					
Dato utført:	01.09.22	Ved:	Emma Norbakk			
Tidsbruk:	Forarbeid:	4	Felt:	8,5	Etterarbeid:	7,5
	Dagar bilbruk:		1			
Saksbehandlar:	Hege Andreassen					
Automatisk fredete kulturminner innanfor tiltaket/ planområdet:				(ID 267940 i nærliken av planområdet)		

Innhaldsliste

Innhaldsliste.....	2
Figurliste	2
1 Bakgrunn og område.....	3
2 Undersøkinga.....	6
3 Konklusjon	9
4 Vedlegg.....	10
4.1 Kart over planområdet frå tiltakshavar (frå oversende shapefiler)	10
4.2 Oversikt kulturminner i nærliken av planområdet.....	11
4.3 Prøvestikkliste	12


Figurliste

Figur 1. Kart over tiltaksområdet i Agder fylke.	3
Figur 2. Kart over tiltaksområdet ved Hauglandsmoen.	4
Figur 3. Skjermdump av tiltaksområdet med tidlegare registrerte kulturminner i nærliken. (Hente frå www.askeladden.ra.no, 30.08.22).....	5
Figur 4. Den moglege aktuelle helleren som skulle undersøkast. Viste seg å vera steinur og berg. Sett mot nordvest.....	5
Figur 5. Profil i prøvestikk PS4. Sett mot vest.....	6
Figur 6. Bekken som renn igjennom planområdet. Flatene rundt var våte og bestod av torv på berg. Sett mot vest.....	7
Figur 7. Landskapet i planområdet. Sett mot søraust.	7
Figur 8. Kart over dei grov prøvestikka i tiltaksområdet.	8

1 Bakgrunn og område


Agder fylkeskommune vart 25.03.22 kontakta om ei førehandsvurdering av området Hauglandsmoen for regulering til næringsareal. Den 03.05.22 vart området synfare av Hege Andreassen, som varsla at det var behov for ei arkeologisk registrering. Det vart skrive eit notat frå synfaringa (Andreassen, 2022).

I eit brev datert den 11.05.22 vart fylkeskommunen informert om start med reguleringsplanen for Hauglandsmoen næringsområde. Tiltakshavar er Rambøll Noreg AS og hensikta med reguleringsplanen er å legga til rette for næringsutvikling på Hauglandsmoen ved tidlegare Åmli alpinsenter, like nord for Åmli sentrum. Det skal òg leggast opp til eit masseuttak for delar av planområdet, der massen skal nyttast for utfylling andre stader i planområdet. Bakgrunnen for planarbeidet er at Åmli kommune ønsker å tilby fleire næringstomter.



Figur 1. Kart over tiltaksområdet i Agder fylke.


Planområdet er i Åmli kommune, på vestsida av Nidelva. Gamle Gjøvdalsvegen går igjennom området i sørøst. Området er på ca. 90 daa, og består av myr, planteskog, kupert terreng og ein grusveg. Myrområdet er drenert med fleire grøftar og er no bevokst med tett ungskog vest for grusveg. Aust for grusveg er skogen vorte hoggen.



Figur 2. Kart over tiltaksområdet ved Hauglandsmoen.

Dei største drenerte myrområda liggar nordaust for planområdet, på gbnr 63/2 og 36/16. Vatnet frå desse grøftene blir i dag leitt ut til bekken i planområdet, noko som truleg årsaka til at det har vorte store erosjonsskadar ved bekkeutløpet til Nidelva. Ved bekkeutløpet er det vorte danna ein tange, liggande utanfor planområdet. Som følgje av erosjon og vassutløp er tonga vorte mindre med åra. På tonga er det registrert eit større gravfelt (ID 267940), bestående av fem rundhaugar. Ved synfaringa 03.05. vart gravfeltet vurdert til å stå i fare for å forsvinna med tida og vidare erosjon ibekk og elveløp. Rett ovanfor tonga, sørøst i planområdet, er det tett skog. Dette skogsområdet må blir overflateregistrert for eventuelle funn av fleire gravhaugar.

Under synfaringa 03.05. vart det funne ein stor heller (ca. 3 x 5 x 1,4 meter). Helleren er i det noko høgareliggende området, heilt nordvest i planområdet, under ei bergblokk ved eit bekkefar. Denne helleren har potensiale for funn av forhistorisk aktivitet og må undersøkast med prøvestikking. Det er òg fleire flater langsmed bekkefaret som har potensiale for funn av steinalder som skal undersøkast.



Figur 3. Skjermdump av tiltaksområdet med tidlegare registrerte kulturminner i nærleiken.
(Hente fra www.askeladden.ra.no, 30.08.22)



Figur 4. Den moglege aktuelle helleren som skulle undersøkast. Viste seg å vera steinur og berg. Sett mot nordvest.

2 Undersøkinga

Den arkeologiske registreringa vart utført 01.09.22 av arkeolog Emma Norbakk. Det vart prøvestukket i heller og på alle flater som vart rekna for å ha potensiale for funn av forhistorisk aktivitet. Området i- og ved helleren som kunne ha potensiale for funn viste seg å bestå av torv på berg, og vart derfor avskriven. Det vart til saman grave seks prøvestikk innanfor tiltaksområdet, og av desse vart ingen funnførande.

I skogsområdet ovanfor tonga med gravfelt ID 267940, heilt søraust i planområdet, vart det utført overflateregistrering. Det vart ikkje funne nokre nye kulturminne.




Figur 5. Profil i prøvestikk PS4. Sett mot vest.



Figur 6. Bekken som renn igjennom planområdet. Flatene rundt var våte og bestod av torv på berg. Sett mot vest.



Figur 7. Landskapet i planområdet. Sett mot søraust.



Figur 8. Kart over dei grov prøvestikka i tiltaksområdet.

3 Konklusjon

Den 01.09.2022 vart det i tiltaksområdet utført arkeologisk registrering ved prøvestikking og visuell overflateregistrering. Det vart ikkje avdekt nokon nye kulturminne.


Kristiansand, 06.10.2022

Emma Norbakk



4 Vedlegg

4.1 Kart over planområdet fra tiltakshavar (fra oversende shapefiler)



4.2 Oversikt kulturminner i nærliken av planområdet

Askeladden ID	Art	Beskrivelse	Status	Gnr/ Bnr
267940	Gravfelt	<p>5 gravhauger ligger på rekke langs med elvekanten. Befart og registrert 5/3 2020, ca 15cm snødekket under befaringen. Fra vest mot øst:</p> <p>Gravhaug 1: Rundhaug diameter 8m høyde 1m, uten noe hugbrott av betydning kun en svak grunn forsenkning i midtparti. Ligger kun 1m fra elvekanten i sør (på LIDAR kan man antyde fotgrøft total diameter 12m).</p> <p>Gravhaug 2: Rundhaug, dels utrust mot elva i sør, diameter ca 6m høyde 1-1,2m. I sør stuper haugen bratt ned til elva, noe av gravminnet har trolig rast ut i elva ved erosjon langs elvebredden, noe ujevn i toppflate, ikke noe tydelig haugbrott.</p> <p>Gravhaug 3: stor Rundhaug, 8m i diameter 1-1,2m høy, kun 40cm fra bratt elvekant i sør. Større hugbrott i sentrum 1,5m i diameter 30cm dybde.</p> <p>Gravhaug 4: Rundhaug noe utrust mot elva, diameter 8m høyde 1m. Haugbrott 1,5m i diameter 30cm dybde.</p> <p>Gravhaug 5: Stor Rundhaug diameter 10m høyde 1m. Stort og dypt haugbrott 2m i diameter 60-70 cm dybde.</p>	Aut. fredet	36/2

4.3 Prøvestikkliste

PS nr.	Pos / Neg	Dybde (cm)	Profil beskrivelse	Funn	Merknad	Gnr/ Bnr
1	Neg	35	0-14 torv; 14-25 mørk brun silt med røtter; stein i bunn.	-	PS tatt ved inngang til heller. Steinur. Torv på stein.	36/11
2	Neg	40	0-18 torv; 18-25 mørk brun silt med røtter; 25-32 gråbrun siltig sand; 32-40 oransjebrun sandig silt; stein i bunn.	-	PS tatt bak heller, på en flate. Få/ingen andre steder å grave på.	36/11
3	Neg	31	0-11 torv; 11-31 mørk brun klebrig og fuktig silt med røtter; stein i bunn.	-	PS tatt på flate på sørsiden av bekke. Svært vått og steinete.	36/11
4	Neg	33	0-12 torv; 12-18 lys grå sand, utvaskingslag; 18-33 rustbrun/oransjebrun sandig silt; berg i bunn.	-	Påfallende fravær av småstein.	36/11
5	Neg	40	0-10 torv; 10-15 lys grå sand, utvaskingslag; 15-26 oransje siltig sand; 26-40 mørk rustbrun hardpakket sandig silt. Laget fortsetter.	-	Påfallende fravær av småstein.	36/11
6	Neg	32	0-9 torv; 9-25 lys grå sand, utvaskingslag; 25-32 mørk rustbrun hardpakket sandig silt; berg i bunn.	-	Påfallende fravær av småstein.	36/11



AGDER
fylkeskommune

Agder fylkeskommune
Postboks 788, Stoa
NO-4809 Arendal

Besøksadresse Kristiansand:
Tordenskjolds gate 65

Org.nr.: 921 707 134
Bank: 3207.28.74993

Besøksadresse Arendal:
Ragnvald Blakstads vei 1

www.agderfk.no